

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 18. Fylke: Hordaland
 Tilleggsspørsmål nr. Herad: Austevoll
 Emne: Juletre og julehalm Bygdelag: Stolmen
 Oppskr. av: Johan Tufteland. Gard: Gåsnes
 (adresse): Stolmen. G.nr. 18. Br.nr. 8 og 9

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. No har dei juletre mest i alle hus der det er ungar.
2. Juletre kom i bruk nokre år før 1900.
3. Først var:juletre brukt i skulehuset for borna. Seinare vart det vanleg i heimane.
4. Mange; brukte papirlekkjer av farga papir som dei hengde opp i stova til pynt. Dei brukte hakka brake til å gøyma juletre foten. Det skulle helst vera brake med bær på.
6. Trea skulle rekka mest opp i taket. Men somme brukar små tre som står på eit bord eller liknande.
7. Dei pyntar med korgar og lekkjer o. l. Alle brukar juletre ljøs på juletreea.
8. Vanleg var det husmora som pynta juletreeet. Det skulle vera pynta ferdig vesle julafta til kl. 12 om kvelden, og så vart det kveikt i det sjølve julaftetekvelden, når dei kveikte ljøs i lampane.
9. Juletreeet står på eit bord, ein komode eller på golvet.
10. Dei brukte store juleljøs som dei støypte sjølv av talg. Dei skulle brenna heile julenatta. Juleljøsa vart kveikte nyårsnatta og.

11. Dei går rundt juletreet og syng dei vanlege julesongane, nasjonale songar, fedrelandssongar og songleikar.

12. Juletreet stod til tjuandedag. Dei kveikte i den kvelden, helst når det høvde slik at det var ein laurdags- eller sundagskveld.

13. Pynten vart teken varsamt av og gøymd til neste år.

14. Dei brukte gran og fure og stundom brake.

15. Somme batt saman brakegreiner til eit juletre.

16. Dei sette åkkje opp tre utanfor huset.

Julebandet sette dei på ein stav så høgt at ikkje katten skulle koma til fuglane.

Det veks lite fure og gran her på øyane, først i seinare tid er det planta noko større. Dei fleste som skal ha juletre må kjøpa det frå byen eller frå ei skogbygd. Der dei ikkje har småborn i huset held dei gjerne jul utan juletre.

1. Så vidt ein kan minnst har det ikkje vore nytta halm på golvet julafta.

4977

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING